



FORELDREUTVALET
FOR GRUNNOPPLÆRINGA



Spel på lag!

På foreldremøtet blir vanlegvis alle som har barn i same klassen/ gruppa, samla. Ein kan òg lage foreldremøte for heile trinnet eller heile skulen når det er saker som gjeld alle. Sørg for at foreldremøta gir høve til å bli kjent, knyte kontaktar, utveksle informasjon og ta opp aktuelle tema.

Eit godt samarbeid mellom heim og skule er lettare å utvikle dersom alle partar kjenner kvarandre. Undersøkingar viser òg at når foreldra kjenner kvarandre godt, opplever dei større grad av medverknad i skulen.

Det er lettare å ta kontakt med nokon vi kjenner, og dei vaksne må utgjere eit godt nettverk for elevane.

Læringa til elevane og arbeidsmiljøet i klassen/gruppa og på skulen er eit sjølvstøtt tema på alle foreldremøte. Det er òg viktig at elevane får vite at heim og skule står i nær kontakt, og at målet for samarbeidet er at barna trivst, er trygge og lærer det dei skal.

For å unngå konflikter er det viktig at det tidleg blir etablert eit godt samarbeidsklima mellom heim og skule, slik at vi i felles forståing kan komme fram til løysingar som er til det beste for barna. Det er òg viktig å utvikle retningslinjene for samarbeid og konfliktløysing i fredstid – elles legg vi oss fort i skyttargravene når problema dukkar opp.



Meir informasjon finn du her: www.fug.no
Voksne for Barn: www.vfb.no
Barnevakten: www.barnevakten.no
Læringsmiljø:
www.udir.no/Tema/Laringsmiljo
Senter for adferdsforskning: <http://saf.uis.no>

Tema for barneskulen

Dei ulike aldersgruppene har ulike utfordringar og behov, og nedanfor finn du nokre forslag til kva det kan vere lurt å diskutere i fellesskap. Men hugs at det ikkje er noko meir enn nettopp det – forslag. Det viktigaste med foreldremøta er at vi skal snakke om det vi vil, det som vi foreldre føler det er viktig å snakke om, det vi har behov for å diskutere akkurat no. Elles kan foreldremøta fort verke uviktige, og oppmøtet minkar i takt med det. Det kan òg føre til at ein begynner med "pansermøte" – det vil seie at det viktige, det som eigentleg burde ha vore teke opp på møtet, i staden blir diskutert ute på parkeringsplassen, med nøkkelen i bildøra ...

1.-4. trinnet:


- Korleis kan eg som forelder bidra til at barnet mitt får ein god skulestart?
- Kva er det viktig at heimen og skulen samarbeider om?
- Kva er det viktig at foreldra samarbeider om?
- Korleis får ein eit best mogleg klassemiljø?
- Kva kjenneteiknar ein seksåring?
- Førebygging og oppfølging av mobbing
- Trafikktryggleik på skulevegen
- Tips om leksearbeidet
- Korleis skal barnet få lyst til å lese og bli ein god lesar?
- Hyggjekveld
- Kan foreldra bidra i undervisninga?
- Lekser og leksehjelp

5.-7. trinnet:

- Større faglege utfordringar – korleis kan dei føresette bidra her?
- Korleis motiverer ein for faga som eleven synest er vanskelege?
- Kva kjenneteiknar ein tiåring?
- Digital kvardag: ytringsfridom, personvern og kjeldekritikk
- Barn og bøker: Del boktips med kvarandre
- Førebygging og oppfølging av mobbing
- Konfliktløysing/grensesetjing (lommepengar, fødselsdagar etc.)
- Klassemiljø
- Pubertet/identitet og kjøpepress
- Rusførebygging
- Korleis førebu ein god overgang til ungdomsskulen?
- Turar, ekskursjonar og liknande
- Samtale/likemannsgrupper for foreldre.

www.foreldrepraten.no er eit diskusjonsopplegg for foreldre om forbruk, reklame og mediebruk. Det er laga spesielt for foreldremøte på 5.-7. trinnet, og målet er å få i gang diskusjonar mellom foreldra om desse temaa. Her finn de lysark med temainnleiingar og forslag til problemstillingar som høver godt som utgangspunkt for gruppesamtalar. Vel hovudtema og diskusjonstema som passar på foreldremøtet til nettopp dykkar foreldregruppe.

FORELDREMØTE
Foreldretvalet for
grunnopplæringa
www.fug.no
post@fug.no
© FUG 2009
Layout: Månelyst as
Foto: iStockphoto



Tema for ungdomsskulen

Dei ulike aldersgruppene har ulike utfordringar og behov, og nedanfor er det nokre forslag til kva det kan vere lurt å diskutere i fellesskap. Men hugs at det ikkje er noko meir enn nettopp det – forslag. Det viktigaste med foreldremøta er at vi skal snakke om det vi vil, det som vi foreldre føler det er viktig å snakke om, det vi har behov for å diskutere akkurat no. Elles kan foreldremøta fort verke uviktige, og oppmøtet minkar i takt med det. Det kan òg føre til at ein begynner med "pansermøte" – det vil seie at det viktige, det som eigentleg burde ha vore teke opp på møtet, i staden blir diskutert ute på parkeringsplassen, med nøkkelen i bildøra ...

8.-10. trinnet:

- Innhaldet og organiseringa i ungdomsskulen – har vi nok informasjon?
- Er det framleis viktig for dei unge at vi engasjerer oss i skulen?
- "Gi rom for lesing – Ungdom": Opplegg til foreldremøte, sjå foreldrenettet.no
- Kor godt kjenner vi tenåringane våre?
- Kva er det viktig at vi føresette samarbeider om?
- Rusmiddel
- Etisk medvit, miljø og globalisering
- Eit sunt forhold til eigen kropp
- Våre egne haldningar – korleis påverkar dei barna?
- Foreldreundersøkinga/kvalitetsutvikling
- Nasjonale og lokale prøver
- Evaluering av læringsmiljøet
- Førebu ein god overgang til den vidaregåande skulen
- Får vi nok informasjon om vidaregåande opplæring?
- Kan vi bidra i yrkesorienteringa?
- Karakterjag og egne forventningar til barna
- Kjærleik og samliv. Kva ønskjer tenåringane å vite av oss foreldre?
- Korleis kan vi få så mange som mogleg til å møte opp på foreldremøta?
- Samtale/likemannsgrupper for foreldre

Det kan vere ein god idé å invitere foredragshaldarar til nokre av foreldremøta. Det kan vere ein sosiallærer, helsesyster, politi, forfattarar – eller ein av foreldra som har spesiell kompetanse på eit område.

Lenkjeliste for tema og foredragshaldarar:

Foreldreutvalet for grunnskulen: www.fug.no

Voksne for Barn: www.vfb.no

Barnevakten: www.barnevakten.no

Læringsmiljø: www.udir.no/Tema/Laringsmiljo

Natteravnene: www.natteravnene.no

Anti-mobbefilm: www.udir.no/mobbing

Nettvett: www.dubestemmer.no

Senter for adferdsforskning: <http://saf.uis.no>

Planlegging og organisering

Foreldrekontakten og kontaktlæraren bør planleggje møtet i god tid. Temaet for møtet må vere kjent for alle gjennom ein agenda for møtet i innkallinga. Det kan vere lurt med ein svarslipp på innkallinga – det avklarar kven som kjem og forpliktar dei som har meldt seg på.

Dersom det er nye barn i klassen, kan det vere lurt at foreldrekontakten tek ein telefon til foreldra, slik at det er sikkert at dei blir inkluderte. Kanskje kan ein samordne barnevakt og avtale felles køyring, slik at fleire kan komme?

Ikkje alle kan norsk like godt. På heimesidene til FUG finn de malar for innkalling til foreldremøte på tolv forskjellige språk. Snakk om korleis de kan gjennomføre møtet best mogleg dersom de må bruke tolk. Unngå at foreldre med ein annan språkleg bakgrunn enn norsk blir passive lyttarar. Snakk saman om korleis det kan løysast slik at alle kan snakke – og forstå!

Stadig fleire inviterer til og minner om foreldremøte per e-post og SMS. Men sjølv om mange er på nett, så hugs at ikkje alle er det. Finn ut korleis de best kan nå alle foreldra.

Fleire skular satsar bevisst på digitale læringsverktøy og har som mål at foreldra skal finne så mykje informasjon som mogleg om skulen og det faglege arbeidet på Internett. Då kan dei fysiske møta mellom heimen og skulen brukast til å diskutere innhaldet i skulen og kvar-dagen til barna.

Avklar forventingar til kvarandre!

Det er nyttig om ein på det første foreldremøtet snakkar om og avklarar kva forventingar foreldra og læraren har til kvarandre. Set opp punkt over kva foreldra ventar av kontaktlæraren – og omvendt. Under denne drøftinga kjem det fram om forventingane er realistiske og kan gjennomførast. Bli einige om eit nivå på tiltak og aktivitetar som er overkommeleg for begge partar. Det er lettare å innfri forventingar ein kjenner til. Då blir ein ikkje så lett skuffa, ein kan unngå konflikhtar, og dialogen blir betre. Foreldremøta skal vere prega av dialog og aktivitet, ikkje berre informasjon. Derfor må det setjast av tid til drøftingar, gjerne i smågrupper.

Her er nokre viktige punkt de bør tenkje gjennom når de planlegg foreldremøta:

- Kva kan vi gjere for å få eit godt klasse- og læringsmiljø?
- Korleis skal vi jobbe saman for å realisere måla som er eit felles ansvar for heimen og skulen?
- Kan vi opprette ei fadderordning slik at vi veit kven som har ansvar for å ta kontakt med nye foreldre – og ingen føler at dei fell utanfor?
- Til saman er vi foreldre ein enorm ressurs for gruppa!
Det kan vere ein god idé å lage ei oversikt over kompetansen til foreldra – både yrke og interesseområde. Så langt det er mogleg, kan vi bidra med kunnskap i fag- og temaundervisninga.
- Evaluer møta. Kva får vi ut av dei? Korleis kan dei bli endå betre?
Alle har ansvar for at møta skal bli så gode som mogleg.

Døme på gjennomføring av eit foreldremøte

- Finn ein hyggjeleg møtestad. Kanskje de kan leggje møtet til personalrommet? Det er ikkje så behageleg å sitje på stolane til førsteklassingane ...
- Foreldrekontakten og kontaktlæraren skriv saman ei innbyding som tek omsyn til interessene til både heimen og skulen.
- Både kontaktlæraren og foreldrekontakten kan leie den første delen av møtet. Faste punkt på agendaen bør vere informasjon om klasse-miljøet, fagleg innhald og læringsstrategiar.
- Dersom klassen er ny eller nokon av elevane/foreldra er nye, bør kontaktlæraren og foreldrekontakten presentere seg og be dei andre seie kven dei er, og kven dei er føresette for. Når alle har sagt noko høgt, er det lettare å snakke saman seinare.
- Bruk siste delen av møtet til gruppearbeid. "Samspillet" eller "Dialog" kan vere ei hjelp til å få aktivisert alle foreldra i diskusjonar. Smågrupper på fem til åtte personar er fint som diskusjonsgrupper.
- De kan òg ha spesielle tema for møtet og invitere foredragshaldarar med kompetanse på temaet. Tilpass temaet til årstrinnet.

Samspelet:

Spelet utfordrar deltakarane til å prioritere tema som foreldra og skulen skal samarbeide om det kommande skuleåret. På denne måten blir foreldremøtet meir enn einvegsinformasjon frå skulen. Det skaper engasjement, og vi foreldre blir betre kjende, både med kvarandre og med lærarane.

I "Samspillet" er 56 kort delte inn i sju kategoriar med ulike påstandar og utsegner. Gjennom diskusjonar i grupper på mellom seks og ti deltakarar, der både foreldre og lærarar deltek, skal deltakarane prioritere to utsegner i kvar kategori. Prioriteringa skal danne utgangspunktet for ein forpliktande avtale om innhaldet i heim-skule-samarbeidet. På denne måten får foreldremøta ei utradisjonell form som bidreg til aktivitet og engasjement.

Dialog

er eit spel der foreldre og lærarar kan diskutere

- kva kunnskapar barna våre bør ha
- kva haldningar og ferdigheiter dei bør ha
- kva som er felles ansvar for heim og skule kva foreldre og lærarar kan samarbeide om



Målet med spelet er at heim og skule gjennom diskusjon og bevisstgjerung får ei felles forståing av kva 16-åringane deira skal kunne, og kven som har ansvar for at dei får denne kompetansen.

“Dialog” har fire kortbunkar og ei plate som korta skal plasserast på. Spelet legg opp til tre rundar. Kvart kort har eit spørsmål som begynner med “Bør ein 16-åring kunne ...”. Det er spørsmål av ulik karakter. Foreldra og lærarane diskuterer utsegna og blir einige om kvar kortet skal plasserast på plata. Ja, nei og tvilsamt er svaralternativa for den første gjennomgangen av korta.

Så går ein vidare med korta som blei plasserte i ja-bunken, og finn ut om det er lærarane sitt ansvar, foreldra sitt ansvar eller eit felles ansvar. I tredje og siste runde drøftar ein korta som ligg i bunken for felles ansvar. Korleis kan heim og skule samarbeide for å realisere felles mål?

Rettar og plikter

Foreldremøte er ikkje nemnt i lovverket eller læreplanen, men dei aller fleste skular har foreldremøte minst to gonger i året. Vi tilrår fleire møte – spesielt det første året på ny skule.

Som foreldre og føresette har vi både rettar og plikter i forhold til skulen og opplæringa. Skulen skal forvente at vi engasjerer oss, og dei har plikt til å leggje til rette for at samarbeidet kjem i gang. For at samarbeidet skal fungere godt, er det veldig viktig at begge partar veit kva desse rettane og pliktene går ut på.

Som foreldre skal vi forvente at

- skulen ser på foreldra som likeverdige partar i samarbeidet og tek meiningane våre på alvor
- skulen informerer om verksemda si og rettane til foreldra/elevane
- elevane lærer det dei skal etter lover og forskrifter, inklusive læreplanen
- opplæringa er tilpassa evnene og føresetnadene til den enkelte eleven
- dei elevane som har behov for det, får spesialundervisning
- den offentlege grunnskulen er gratis
- det er eit godt læringsmiljø fritt for mobbing
- skulen opplyser om kva som blir oppbevart av dokumentasjon om dei enkelte elevane
- skulen gir informasjon om klageretten til foreldra

Som foreldre har vi òg plikter, og skulen forventar at vi så langt som mogleg

- engasjerer oss i barna si læring
- er aktive i samarbeidet mellom heim og skule
- bidreg aktivt i rådsorgana til skulen
- arbeider for eit godt læringsmiljø fritt for mobbing
- er aktivt med i skulevurdering og utvikling av skulen
- held skulen informert og gir skulen råd
- kontaktar skulen dersom det er noko vi lurar på eller er ueinige i (ta opp problem med skulen, ikkje med barnet!)

I barnelova § 30 er foreldreansvaret definert slik:

“Dei som har foreldreansvaret, er skyldige å gje barnet forsvarleg oppseding og forsyting. Dei skal syte for at barnet får utdanning etter evne og givnad.”

Samarbeidet mellom heim og skule er òg lovfest i opplæringslova § 1–2, som tek for seg formålet med opplæringa. Kunnskapsløftet, del II, Prinsipp for opplæringa (eige avsnitt om samarbeid med heimen):

“Foreldre og føresette har hovudansvaret for eigne barn, og dei har stor innverknad på motivasjonen og læringsutbyttet deira. Samarbeidet mellom skule og heim er sentralt både for å skape gode læringsvilkår for kvar einskild elev og for eit godt læringsmiljø i gruppa og på skulen.”

Foreldra sin rett til medverknad og innflyting i skulen har òg grunnlag i fleire internasjonale konvensjonar, mellom anna FNs menneskeretts-erklæring av 1948: “Foreldre har fortrinnsrett til å bestemme hva slags undervisning deres barn skal få.” Fortrinnsretten foreldra har til å bestemme over opplæringa til barna, er med andre ord ein menneskerett som er heimla i internasjonal lov. Dermed står dei tilsette ansvarlege overfor oss i forhold til korleis dei løyser oppdrags- og opplæringsoppgåvene. Det vil likevel ikkje seie at lærarane heile tida pliktar å følgje våre ønske for oppdraging og undervisning. For dei tilsette i skulen pliktar òg å drive oppdraging og opplæring etter det mandatet som samfunnet har gitt skulen gjennom lover og forskrifter. Og her kjem dilemmaet. For det kan sjølvstøtt oppstå motsetningsforhold mellom heimen og skulen dersom foreldra sine ønske ikkje stemmer overeins med skulen sitt mandat frå samfunnet. Då er det viktig at vi kjem fram til felles løysingar som er til det beste for barna!

Foreldreutvalet for grunnopplæringa (FUG) er eit nasjonalt utval for og med foreldre som har barn i skulen.

FUG er opptatt av:

Heim-skule-samarbeid

- Å ta vare på foreldra sine interesser i skulesamanheng
- Å gje kunnskap om korleis eit heim-skule-samarbeid fungerer
- Å gje kunnskap om korleis foreldre kan støtte sine barn
- Å sette dagsorden og støtte foreldre når det gjeld sentrale tema som inneklima, mobbing, foreldremøter, skulearbeid, med meir.

www.fug.no – ein nettressurs for foreldre med barn i skulen

Foreldremøte © FUG 2009

